

Referat Styremøte 16. januar 2012

Stad: Nortura Eidsvåg

Desse møtte: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Egil Øvstebø, Steinar Steine, Kjartan Bergsvåg og Olav Håvardsholm. Anita Jordalen og hadde meldt forfall.

Leiar Nils Inge Hitland var ikkje tilstade under sak 4/12 og sak 6/12

Sak 01 – 12 Godkjenning av innkalling:

Vedtak: Referat frå 25: Retter opp feil dato, endre tekst under sak 70/11 og feil i tekst sak 68/11 Eller godkjent.

Sak 02 – 12 Orienteringsaker:

Vedtak: Nils Inge orienterte frå Voss Rekneskapskontor, årsoppgåva 2011. Det har vert positiv utvikling på renteinntekter etter samanslåing av diverse kontar.

Sak 03 – 12 Årsmøte HSG 17. – 18. februar.

Vedtak: Program blir sett opp, Kjartan Bergsvåg tek kontakt med Ordførar på Voss, Nils Inge tar kontakt leiar i NB Nils T Bjøke og Karluf med leiar i NSG Ove Ommundsen. Utsending av program til lokallag og gjester omgåande.

Sak 04 – 12 Samling unge sauehaldarar 10. – 11. mars

Vedtak: Reidar og Steinar har utarbeida program. Berre små justeringar at. Program sendes lokallaga, annonse i "Bondevennen" og leges ut på heimesida til HSH for påmelding.

Sak 05 – 12 Studietur, ullindustriprodukt

Vedtak: HSG har mottatt invitasjon frå Fylkesmannen v/Eirik Brynjelsen som inviterer ein person frå styret i HSG til å bli med på studietur til Tyskland for og sjå på alternativ bruk av ull. Invitasjonen inneberer at reis og opphald blir dekkja av Fylkesmannen. Steinar Steine reiser for HSG.

Sak 06 – 11 Ymse

Reidar tok opp spørsmål om innspel til jordbruksforhandlingane 2012. Han meinte at HSG måtte samarbeida med fylkeslaget i Sogn og Fjordane. Reidar arbeider med og få til eit felles møte.

Det er planlagt eit fagmøte i Knarvik, der ein arbeider med og få med Atle Dolme frå Veterinærsenteret på Sandnes.

HSG vurderer om like møter kan gjennomførast fleire plasser i Hordaland.

HSG vil og sjå på Apotekavtalen som RSG har fått til og arbeida for at ein slik avtale og kan komma i stand i Hordaland.

Karluf Håkull

Sek.